

Vi minnest Asbjørn Eik (Brulsen) som døydde i denne veka.

28.11.2019



Asbjørn Eik, til dagleg kalla Bruslen, døydde på Jondal Sjukeheim i denne veka.

Asbjørn Eik, som i det daglege vart kalla Bruslen, døydde på Jondal Sjukeheim i denne veka. Han var ein eventyrar, reiste jorda rundt og fekk oppleva mykje andre berre kan drøyma om. Før han fylte 40 hadde han vore sjømann i mange år, bygd sin eigen seglbåt på 40 fot, vore i Australia på opalleiting, arbeid på ammunisjonsfabrikk i Vietnam og i Syd Amerika prøvde han seg som bilseljar. I samråd med dotter hans, Gro Heidi Åsen, legg Uskedalen.no ut minneorda hennar som vert lesne ved bára i Uskedal kyrkje i dag, 29. november.

19.mars 1945 kom Asbjørn til verda. Han var yngst av to brør, og vaks opp på Eik. Faren og mora skilde etter kvart lag, og dei to brørne vart buande på Eik saman med faren medan mora reiste til Oslo. Mange gonger har han fortalt om den frie og fine barndommen dei hadde.

Asbjørn har hatt kallenamnet Brulsen heilt frå barndomen. Han var ikkje noko A4-menneske, og hadde tidleg bestemt seg for å reisa til sjøs. 14 år gamal stilte han klar til å reisa, men det vart oppdaga at han prøvde å lyga på seg eit år, og dei sende han difor heimatt. I neste forsøk, som 15-åring og dermed gamal nok, fekk han mønstra på.

Asbjørn har reist over heile verda. Han har levd draumen sin, og opplevd meir enn vi andre kan drøyma om. Det han har snakka mest om til meg er Syd-Amerikalinja, Grekenland, Golfen - og ikkje minst favorittstaden hans: Australia. Dit har han lengta mykje tilbake, til både folkeslaget, kulturen og klimaet.

Han elska livet som sjømann; alle folka og kulturane han møtte, og stadane han fekk oppleva. Men etter ei tid var det ei lita jente som drog han tilbake til Uskedalen. Han tok på seg foreldreansvar, og sjøfarten vart litt etter litt erstatta med bygging av leikehytte, demning, badedam, fiskedam, husfiksing på Nesttun, pianospeling, kjøring til trening, sykkelreparasjonar og turar i inn- og utland. Båtbygging vart det og, alt med Heidi på slep. MS Havlengsel til dømes - den rustraude jernbåten, var eit landemerke på Eikelandet i mange år.

Kallenamna var fleire. Brulsen er vel det mest kjende, men han levde også opp til tilnamnet Skrubben. Han var alltid møkk skitten, og kjeledressane kunne stå av seg sjølv. Sjølv kunne han ikkje brydd seg mindre om nett det.

Asbjørn hadde så mange gode eigenskapar. Omsorgsfull og snill, rettferdig, hadde alltid god tid og hjelpte til så godt han kunne. Alle problem kunne løysast. Det var viktig å læra seg til ting tidleg, meinte han. 12 år var til dømes passende alder for Heidi å læra seg å køyra bil. Og då ho fylte 15 var det nødvendig å læra seg å skifta bremseskiver. Kanskje ikkje verdas mest nyttige ting å læra då, men moralen var ein nyttig reiskap å få. Det blei folk av henne og. Som han sjølv ville sagt det i english-lesson med Isabella: You did a good job.

I slutten av 90-åra valte han å reisa frå heimbygda etter samlivsbrot. I Vats fann han tumleplass for hobbyen han hadde drive med nokre år; kopar. Og i Rutledal fann han tilbake til eit gammalt venskap med Klara, som han tidlegare hadde reist mykje til sjøs med. Etter nokre år døydde Klara av kreft, og Asbjørn fekk ein skikkeleg nedtur. No måtte han ha noko å gjera på, han vart endå meir rastlaus. Han la ned kopargeskjeften og reiste mykje, utan at nokon visste heilt kvar han tok vegen.



Brulsen var ein god formidlar og fortalde levande frå opplevingane sine. I bakgrunnen: Seglbåten bygd i stål, 40 fot lang. Faksimile frå avisa til Uskedalsdagane 1986.

Han reiste ofte langt utanfor allfarveg, der det ikkje fanst andre turistar. På ei av reisene hans ville vi melda han sakna. Han hadde sagt han skulle til Burma, og lova å ringa heim jamnleg. Etter fire veker utan livsteikn bad vi politiet om å få han etterlyst internasjonalt. Det var bortkasta. Han ringte heim same dag etterlysninga skulle sendast ut, og fekk seg ein god latter. Det var jo sjølv sagt ikkje noko gale, berre ikkje noko telefon å oppdriva. Men etter dette skjedd det faktisk ein liten revolusjon: han fekk seg mobiltelefon.

Den seinare tid har han hatt mange fine år i Vindafjord, møtt gode kameratar å løysa verdsproblem med. Men i november 2012 kom det fram at det var noko alvorleg gale med helsa hans. Det første hjarteinfarkt det avdekket alvorleg hjartefeil, og han måtte ha ny hjarteklaff - to gonger. Pacemaker og stent kom på plass, men helsa byrja verkeleg å skranta. Dette irriterte han voldsomt, han syns det var urettferdig at dette skulle ramma han.

Det var likevel ikkje aktuelt å trappa ned på arbeidsmengda. Å ta omsyn til helsa si var eit ukjend uttrykk i hans øyrer (han høyrde jo forresten ikkje heller.) Han jobba på i same duren, fiksa på bilar, bygde verkstad - og det mest fy-fy ein kunne gjera i hans tilstand: sveisa.

I åra som følgde tok helseplagene nærast over livet hans. Han reiste oftare til Jondal, og fann glede i å vera med barnebarna Adrian, Sigurd og Isabella. Opp gjennom åra har han vore med på Sabeltann-show og dyreparkbesøk, lært dei å sykla, vore lærar på lese-og skrivetrening før skulestart, stilt som frisørmodell og leikekamerat. Assebessen har alltid vore der, med sine high-five, kaptein-helsingar og historier.

Alle stadar han har vore, har han fått nye bekjentskapar. Jovisst var han ein original, men han var godt likt likevel. Han var hjelpsam, og ikkje redd for å ta i eit tak. Det vart difor ein heilt uvant situasjon for han då han vart avhengig av medisinar, og endå verre då det var han som måtte ha hjelp for å koma seg gjennom kvardagen. Å bli sengeliggande vart reine pinsla for han, vi kunne sjå at gnisten gradvis forsvann.

Det var godt du fekk kvila no. Du har hjelpt oss fram i livet, no vil vi hjelpa deg til siste kvilestad. Vi er rike på minne, men sit likevel litt tomme att. Som det står i dødsannonsa:

*Ein eventyrar sitt hjarta
har slutta å slå.
Vi unnar deg kvilen,
men saknar deg så.*

Kvil i fred og takk for den du var.

Heidi

Tekst: Heidi Åsen
Foto: Privat/faksimile frå Uskedalsavisa 1986
Nett: Kristian Bringedal